# Konsert med spennvidde

*Av ØYSTEIN TALBERG*

**Fredag om knapt ei veke er det absolutt grunn å ta turen til Vågstranda kyrkje. Sjelden, eller aldri, har det vore samla så mange gode sang- og musikkrefter på ein gong i kyrkja nede ved Romsdalsfjorden.**



*Dåm og Drag med leiar Olav P. Hjelvik (t.h.) er mellom aktørane i konserten som Vågstranda sokneråd arrangerer i Vågstranda kyrkje, komande fredag. Ein ny og spanande vri frå soknerådet.*

– Vi vil prøve oss med ein aldri så liten vri for å trekkje folk til kyrkja. Sang og musikk vil prege denne kvelden; det og ikkje noko anna, fortel Målfrid Kjersem hos arrangøren.

Og det er litt av ei liste med utøvarar soknerådet har trylla fram frå ermet. Dåm og Drag; folkemusikarar både frå Vestnes og Rauma kommunar – ja heilt frå Ålesund kjem delar av folkemusikkgruppa som har henta heim så mykje heider.

Tim Rishton stiller, som vanleg, på orgelkrakken. Berre det åleine burde vere verdt turen. Organist med heile Norge og deler av Europa som konsertpublikum, skal denne fredagen freiste folk til kyrkja på Vågstranda.

Rauma kammerkor stiller også. Det og betyr kvalitet; kvar ei einaste strofe.

Men arrangøren har meir å by på. Messinggruppe frå musikkskolen; ei gruppe som Johann Bengtson har sveisa saman. Vågstranda sjølv stiller med eit barnekor. Vi tippar at både foreldre og besteforeldre stiller mannjamt for å høyre etterkomarar syng i kyrkja.

Eit nytt, kanskje også spanande samarbeidsprosjekt, er mellom Tim Rishton på orgel og Ingeborg Moe på fløyte. For unge Ingeborg er det mellom anna barokkmusikken som fenger. Under kyrkjekonserten fredag vil vi få høyre henne i fem lette suiter frå barokens tidsalder.

Og for liksom å sette prikken over i'en; lage kvelden til ein perfekt samankomst, inviterer soknerådet til allsang. To nummer står på programmet: «Jeg råde vil alle»; ein folkemelodi frå Innfjorden, og «Den fattige Gud» – teksta er av Edvard Hoem og musikken er laga av Henning Sommero.

– Heile kvelden vil bere preg av mykje folketonar. No håper vi at folk møter opp i hopetal. Ei fullsett kyrkje er draumen som eg håper vil skje fyllest, sluttar Målfrid Kjersem.

Vågstranda kyrkje – fredag 27. januar – etter fjøstid.

ÅA

# Herlig kveld i fullsatt k

**Kirka badet seg i lyset fra lyskasterne. Hvit som engelen lå snøen. Gjennom de små glassrutene kunne stemningen lyse lang veg. En skulle tro det var en vakker romsjulskveld. Virkeligheten var en måned etter. En herlig fredag kveld ble ikke mindre vellykket etter vel en time innafor Gudshusets fire vegger.**

*Av LARS SMISETHJELL*

For en gangs skyld var ikke det kristne budskap hovedformålet for folkene i den fullsatte kirka på Vågstranda. Musikk med toner og strofer stod i sentrum for arrangementet.

## Verdens beste følelse

Konferansier Kåre Waksvik ledet den herlige kvelden fra start til mål. Han, i likhet med aktørene, måtte ha verdens beste følelse da kvelden var omme. For dette var en aften med unge og eldre i aksjon; på fiolin, fløyte, trekkspill, tuba, «sølvstruper» og bass-stemmer.

Elevkoret fikk som seg hør og bør åpne på hjemmebane. «Barnebøn», «Den fyrste song» og «Kveldssong» var melodiene de små barnestemmene fylte kirka med – under ledelse av dirigent Gunnveig Hjelvik og Magne Dale på pianokrakken.



*Ikke like interessant for alle. Gutten på bildet la seg like ned for å få seg litt søvn under musikkstunden.*

12 år gamle Ingeborg Moe hadde tatt plass på galleriet, ved siden av Tim Rishton som akkompagnerte på orgel. «Barok suite» redigert av Dietz Degen fordelt over fire satser (Air, Menuett, Gigue og Angliose) spredte seg til folkets ører ved hjelp av Ingeborgs flotte fløytespill.

Messingruppa fra musikkskolen gjorde flere korpsmusikere misunnelige. Johann Bengtson dirigerte og spilte – sammen med fem andre. «Prinsen av Danmarks marsj» av Jeremiah Clark og «Frå Teropischore» etter Michael Prætorius var melodier – både vakre og passende for anledningen.

## Brudemarsjer

Dåm og Drag, under ledelse av Olav P. Hjelvik viste alle at de hører til i eliteklassen. Men likevel innfridde de mer enn forventningene, pyntelig kledd som de var i samme drakter. Brudeparmarsjer – både etter Rime-Knut og Sigurd Voldseth fra Måndalen stod blant annet på repertoaret.

Tim Rishton er en «kløpper» på orgel. Foruten solospill akkompagnerte han allsangene like trygt og sikkert som vi vet det blir når Tim setter seg bak orgelet.

Rauma Kammerkor fikk avslutte den vel times lange «hyrdestunden» i Vågstranda kirke. Dirigent Torkil Klami ledet koret gjennom fire innslag – det siste «Brudemarsj» som Klami selv har arrangert.

Kollekt ved utgangen, 200 besøkende som fylte kirka og ei musikalsk stund rikere: En spesiell fredags kveld – som blir husket mye lenger enn en vanlig kveld i fjernsynsstolen!



*Ingeborg Moe (12) fra Vågstranda gjorde suksess på hjemmebane. Fløyta hånd overbevisende måte foran 200 besøkende i Vågstranda kirke fredag kveld.*